

Innberetning v/ Berit Gjerland

24.9.85

innberetningsdato

Ljøsno

gnr. 9

bnr. 3

fk.nr.

gardsnavn

Lærdal

Sogn og Fjordane

kommune

fylke

Olav Wendelbo

5895 Ljøsne

eier/bruker

postnummer/adresse

Ang. utgraving av flatmarksgrav frå vikingtida

10.-11.9.85

dato

Samandrag.

Olav Wendelbo gav 20.aug. 85 melding om at det var funne eit sverd i samband med nydyrking på garden, sjå notat v/Sigrid H.H. Kaland. Underteikna føretok ei undersøking og utgraving av funnstaden. Sverdet kom frå ei steinfylt flatmarksgrav markert med låg steinpakning på overflata. Del av grava, mogleg opptil halvparten, synte seg vere fjerna på førehand. Gravgåvene i den ubrente mannsgrava var sverd, kniv, øks, skjold og sigd. Kraniet og ein leggknokkel blei også funne. Jarnsakene, bortsett frå kniven, var komplette og usedvanleg godt bevarte. På typologisk grunnlag kan mannsgrava plasserast mellom 850-900 AD truleg nærare 900-talet.

Funnstaden ligg aust for tunet på den same terrassen der det i dag ligg att 5 gravrøyser, R nr. 1 - 4 (1654 - I 14, Fett fk. nr. 1 og 2). Dei topografiske forholda er identiske med Ytre Moa, Øvre Årdal. Flatmarksgrava ligg i slak skråning om lag 35 m N for R nr. 3 og 13 m SV for eit stolpefeste for høgspenlinja. Ved foten av fjellveggen i N ligg det bratt rasmark, og den slake skråningen dannar overgang til terrasseflata med gravrøysene.

Eigeren har den seinare tid drive nydyrking av terrassen nord og aust R nr. 3. Terrassen si overflate har blitt utjamna, og trekt lenger mot nord. Den slake skråningen var blitt kutta og det var i den 2 - 3 m høge skrenten at sverdet blei funne. Den slake skråningen skal ha fortsett halvvegs nedmot R nr. 3.

Undersøking av funnstaden viste ei nedskjering i sørvestre hjørnet av den 6 m lange framstikkande banken som var blitt sett att pga. stolpe-

festet for høgspenninglinja (plan 1). Det framstikkande hjørnet gav to snitt der nedskjeringa kunne observerast og snitta vart nytta som profilar (profilteikning 1 og 2). Steinpakninga på overflata vart fjerna og det underste laget med tett ihoplagt stein vart teikna (plan 2) før eg starta utgravinga av sjølve grava. Det var grave igjennom det underliggjande kolhaldige laget.

Stratigrafi. Grava markerte seg som 65 cm djup nedkjeri i sand og grus. Den var grave ned på eit 8-14 cm horisontalt kolhaldig lag som kunne følgjast langs heile skrenten. Der var varierende trekolmengde, for det meste små spreidde trekolpartiklar. Dette laget vart oppfatta som kulturjorda over sverdet (sjå notat). Det kolhaldige laget har ingen samanheng med gravfunnet. Det representerer sannsynlegvis ei gamal åkeroverflate i området og er utifrå stratigrafien klart eldre enn grava. Laget ligg i same nivå langs store delar av skrenten, men 4 m før nedskjeringa går den saman med eit underliggjande lag ca. 2 m under dagens overflate, og her er truleg to gamle åkeroverflater. Det vart ikkje gjort funn verken ved oppreinskinga av laget langs skrenten eller under sjølve grava.

Over og under det kolhaldige laget låg einsarta orange og lys brunleg grus med varierende innhald av kanta stein, og massane blir tolka som rasmateriale. Dei tidlegare åkrane har blitt dekkja av rasmateriale frå fjellpartiet i nörd. Lagfølgja i snitta viser at dette området tidlegare har blitt mykje utsett for skred. I følgje gardbrukaren er det i dag områda lenger vest og aust som er utsette.

Nedskjeringa kryssa to tunne mørkebrune humushaldige lag, tidlegare markoverflater, som var blitt dekkja av grå grovsand og småstein, lik massar etter snøskred.

Ved å følgje dei to markoverflatene var det mogleg å påvise utstrekninga av nedskjeringa i den attståande banken.

Nedskjeringa var smalast i botnen der den urørte delen av grava nådde vel 80 cm inn frå dei to snitta og tilsvarande mål ved dagens markoverflate var 1 - 1,3m.

Det indre av nedskjeringa, over gravgåvene, var fylt opp av middels stor stein og moldblanda sand/grus. Dei øvre 20 cm, tilsvarande moldlaget utanfor nedskjeringa, inneheld meir mørk, laus jord. Øverst i

marknivå låg det leire inn mellom steinane i nedskjeringa.

I marknivået var det lagt ei steinpakning på 2 - 3 omfar. Den har strekt seg ein 80 cm vidare enn sjølve nedskjeringa. Den kan ha vore firkanta, men det er vanskeleg å fastslå sikkert forma på steinpakninga då mykje var fjerna på førehand. Den 20 - 40 cm låge steinpakninga har vore nesten umerkeleg på den steinkledde overflata. Enkelte låge samlingar med ihoplagt stein viste at overflata tidlegare var blitt rydda for utmarkslått.

Funnforhold. Funna, bortsett på sigden var funne i botnen av grava like over det kolhaldige laget. Øks, skjoldbule, kranium, sigd og nagle 6/B vart funne under utgravinga, resten av gardbrukaren før undersøkinga.

Sverdet. Rustflekke etter hjaltet 2-3 cm inn i Ø-V-snittet var godt synleg ved utgravinga. Hjaltet hadde lege ved botnen heilt i SØ i den urørte delen av grava, 20 cm opp langs den SØ sida.

Fragment av kniv skulle vere funne i same området som sverdet og var av finnaren oppfatta å vere del av sverdklinga.

Øksa var funne 60 cm NV for sverdhjaltet i same nivå som det. Øksebladet låg vendt med egga på skrå ned og innover i grava (mot SØ), og skaftet mot SV. Øksa synest å ha blitt lagt langs med og godt inntil nordvestleg ytterkant av grava.

Kraniet låg 20 cm NØ for sverdhjaltet. Det låg 5 cm over det kolhaldige laget, 2 cm under ein stein. Kraniet var litt innsunke og svært mørt, men hadde ellers forma intakt.

Skjoldbula låg i same nivå som sverdhjaltet, knappe 10 cm N for dette. Skjoldbula halla mot SV. Den var komplett, men bulen var litt oppsprukken på eine sida. Eit markert avtrykk på steinen over skjoldbula viste at steinen var blitt lagt rett nedpå skjoldet. Avtrykket var kvadratisk 3,5 x 3,5 cm og markerer eit merke/ornament som har stått midt på bula.

Nagler. Den best bevarte nagla, 6/A, kom fram i området sør for sverdhjaltet, nærare lokalisering umogleg. Under utgravinga kom det fram to forrusta nagler på rad med 18 cm mellomrom. Berre den nordlegaste, nagle 6/B, let seg takast vare på, den låg 35 cm N for midten av skjoldbula. Naglane har nok tilhøyrt skjoldet, og avstanden skjoldbule - nagle 6/B gjev eit minimums mål på skjoldradiusen. Naglane kan ha festa saman to halvdelar av skjoldet. Naglestilkane er bøgde i rett

vinkel som kan vise tjukna på skjoldet. Med atterhald om nagle 6/A som ikkje er funne in situ, kan ein anta at skjoldet nær midten har vore nærmare 3 cm medan ytterkantane har vore litt over 1 cm. Det var umogleg å sjå nærare detalj på den sterkt forrusta nagla 6/C.

Nagle 6/B låg 10 cm over kolhaldig lag, nagle 6/C 4 cm over, og det sannar at skjoldet har halla i sørleg retning.

Sigden låg for seg sjølv høgare oppe i grava Ø og om lag 30 cm over sverdhjaltet. Den låg med egga opp og handtaket mot SV. Det såg ut som om sigden var stukken ned inntil ytterkanten av grava.

Leggbein-knokkel var funne i lausmassane framfor nedskjeringa. Det er mest rimeleg at den skriv seg frå grava då fotenden av grava som har lege mot SV, vart fjerna under nydyrkingsarbeidet.

Bortsett frå knivfragmentet, er jarnsakene komplette og usedvanleg godt bevarte. I skafteholdet på øksa og rundt naglene set det att trerestar. Det kan vere restar etter handtaket inne i skjoldbula. For å stabilisere funna, vart jorda inne i skjoldbula og kraniet ikkje fjerna ved utgraveinga.

Gravskikk. Det er vanskeleg å sikkert fastslå storleik og orientering av grava sidan store delar var blitt fjerna på førehand. Plasseringa av kraniet og opplysning at sverdhjaltet låg 2-3 cm inn i Ø-V-snittet med klinga ut viser at fotenden av grava har blitt fjerna under dyrkingsarbeidet. Utfrå funnplasseringa, utstrekning og form synest grava vore orientert med hovudet mot NØ. Lengda og breidda ved botnen i den urørte grava var begge om lag 1 m.

Den døde har blitt lagt på botnen av grava. Det vart ikkje påvist merke etter ei event. trekiste, og det var, som nemnt, blitt lagt stein rett nedpå skjoldet. Den korte avstanden mellom kraniet og sverdhjaltet viser at sverdet har blitt lagt i brysthøgde på venstre sida. Øksa har blitt lagt på høgre sida med skaftet vendt nedover mot fotenden. Skjoldet har dekkja hovudet og brystet. Kniven har lege på høgre sida i nærleiken av sverdet. Høgare oppe på venstre sida, knappe 20 cm frå overflata og inntil kanten av grava har sigden blitt lagt. Grava har etterpå blitt fylt med stein og sand/jord. På markoverflata har det blitt laga ein låg, vid, mogleg firkanta steinpakning. Det vart ikkje påvist trekol i eller omkring grava som kunne ha samanheng med denne.

Gjennomgang og vurdering av funna. Funna er katalogiserte (sjå vedlegg). Sverdet er av type M (Petersen 1919:117 ff). Denne typen med rette, jamnhøge hjalt utan ornering og knapp må seiast vere det enklaste av vikingtid sverda. Sverdet frå Ljosno har i tverrsnitt svakt bøgde hjalt og synest hatt rette endar. Sverdet er ein utprega austlandsk type, og det er forholdsvis få sverd av denne typen langs kysten. Sverdtypen har blitt brukt frå om lag 850 til litt innpå 900-talet.

Øksa er av type E (op. cit.: 40 ff.) Karakteristiske trekk er dei lange skafteholflikane der spesielt den nedre blir trekt lenger ned og fram. Avsatsen på bladet er trekt attende og skjegget er i ferd med å miste den utprega forma. Øksa frå Ljosno høyrer til mellom dei yngre formene med heller sterkt utsvinga blad og asymmetriske skafteholflikar. Økse-typen er svært vanleg på Vestlandet der den kan ha fortsett inn på 900-talet. På typologisk grunnlag blir brukstida sett mellom 850-900.

Skjoldbula er av type R 562, datert til midtre del av vikingtida, ca. 850-950. (Op. cit: 47) Skjoldbula frå Ljosno er ikkje spesielt høg og høyrer med til dei yngre.

Sigden høyrer til i den mest vanlege gruppa sigdar i yngre jernalder (Petersen 1951:127 ff). Spissen på tangen er bøgd ut i rett vinkel og var festa til treskaftet utan bruk av nagle. Dette er ein utprega vestnorsk type. Sigden frå Ljosno kan vanskeleg hatt sagtenner langs eggja. Typen har vore brukt i merovinger- og vikingtid og kan difor ikkje brukast til nærmare kronologisk avgrensing av gravfunnet.

Sverd av M-type saman med øks av E-type og skjoldbule lik R 562 er ein ofte førekommande funn-kombinasjon. Samla sett viser funna til ein alder mellom 850 og 900. Øksa og skjoldbula er med å gje funnet ein ung alder så det er truleg at funnet kan plasserast seinare i perioden, nærare 900-talet.

Gravfunnet med våpen og sigd markerer at det er ein fri bonde som har blitt gravlagt.

Den gravlagte sin sosiale rang kan forsøkast fastleggast utfrå resultat av Bergljot Solberg sin analyse av sosiale tilhøve i vikingtida basert på gravgåver og - markering. Mannsgraver med 3 våpen-kombinasjonar i haug/røys har hatt høgast status medan eitt våpen i grav utan markering må hatt lågast status. Grava frå Ljosno med sverd og øks har 2 våpen i flatmarksgrav markert med låg steinpakning på overflata. Med spyd

ville det har vore fullt våpensett. Utfrå B. Solberg sin analyse er det rimeleg at den gravlagte har vore ein mann av middels til høg rang.

Litteratur:

Petersen 1919: De norske vikingesverd. Kristiania.

Petersen 1951: Vikingetidens redskaper. Oslo

Vedlegg:


Funnliste

Funnkart

2 profildeikningar

3 planteikningar

Foto



Berit Gjerland


F U N N L I S T E

B 13855

Gravfunn fra vikingtid, fra Ljøsno, gnr. 9, bnr. 3, Lærdal, Sogn og Fjordane.

- /1 Eneget sverd av jern som type M fig. 98 hos J. Petersen 1919. Sverdet er komplett bortsett fra den ytterste odden som mangler. Klingen har en mindre knekk nær hjaltet. L. 81 cm hvorav kavl og hjalt utgjør 13 cm. Klingens br. ved hjaltet er 5,7 cm.
- /2 Øks av jern som type E fig. 34 hos J. Petersen 1919. Øksa er komplett med rester av treskaftet i skafthullet. L. 18,5 cm br. o. eggen 13,5 cm.
- /3 Skjoldbule av jern som R 562. Bulen er komplett, men er noe skadd. Y.diam. 14,0 cm, h. 5,0 cm. Bremmens br. er 1,7 cm.
- /4 Sigd av jern som fig. 83 hos J. Petersen 1951. Sigden er komplett med L. 32 cm, st.br. 2,4 cm.
- /5 Fragment av kniv av jern. L. 4,2 cm, st.br. 2,4 cm.
- /6 2 nagler av jern. Diam. naglehode 0,8 og 1,1 cm l. stilk 2,8 og 4,7 cm.
- /7 Kranium. Hele skallen er intakt, men de nedre delene synes noe sammenpresset. Diam. skalle 15 cm. h. 12 cm.
- /8 Leggbein-knokkel. Hele leddflaten bevart. L. 23,5 cm.


Sverd, knivfragment, nagle og leggbein-knokkelfunnet ved nydyrking i aug. 1985, resten ved ettergraving. Funnene kommer fra flatmarksgrav markert med steinpakning på overflaten. I samme området på terrassen øst for tunet er det registrert 5 gravrøyser. Innberetning i top.ark. v/ Berit Gjerland.



Ljøsno gnr.9/3,
Lærdal kom., Sogn og Fj.

Lokalisering av flatmarksgrav
frå vikingtida.


8/30 8/12
=AND
8/30 BG 074-5-2
8/30



Topografisk skisse
over funnstanden

M 1:200

-  urørt overflate
-  steinpakning
-  skrent
-  stolpe for høgspentslinje




Funnskisse

M 1:20

- ytterkant av grav ved markoverflate
- ytterkant av grav i botnen

- 1 - sverd
- 2 - øks
- 3 - skjoldbule
- 4 - sigd
- 5 - frag. av kniv
- 6 - nagler
- 7 - kranium

Ljøsno 9/3,
Lærdal kom., Sogn og Fj.
11.9.85. B.Gjerland




Funn:

① - sverd

② - øks

③ - sigd



mold


mørk laus mold

grå sand og grus
(rasmateriale)mørkbrunt humuslag
(markoverflate)kolhaldig lag
(åkeroverflate)oransje/lys brun
sand og grus
(rasmateriale)

stein



gravingsgrense



Ljøsno 9/3,


Lærdal kom. Sogn og Fj.

Profil gjennom

steinfyllt flatmarksgrav

M 1:20

10.9.85. B.Gjerland



Det underste laget
i steinpakninga

M 1:20

H heller
↘ urørt overflate
➤ nedskjering

Ljøsno 9/3

Lærdal kom., Sogn og Fj.

11.9.85. B. Gjerland

Leica 230b

29.-Flatmarksgrava
i framgrunnen.N.B.
det kolhaldige laget
langs heile skrenten.
Mot NNV.



30.D.s. Mot NØ.



31.-D.s.N.B. den slake
skråningen. Mot Ø.

33.-Den steinfylte
flatmarksgrava med
låg steinpakning på
overflata. Mot NØ.



32.-Funnstad for sverd-
hjalte og sigd markert
med fyrstikker. Mot NØ.

34.-Sigden in situ.
Mot NØ.




35.-Det underste laget
i steinpakninga.
Mot SSØ.

2.-Steinpakninga
fjerna, to stikker
markerer nedskjeringa
steinane ligg i. Mot S.

3.-Øksa in situ.
Mot Ø.

5.-Skjoldbula in situ.
Mot NØ.





6.-Avtrykk etter
ornament på toppen
av skjoldbula.

7.-Kraniet in situ.
Mot NØ.

8.-D.s. Små-stikkene
markerer funn. Mot Ø.

10.-Grava tømt.
Mot NØ.



11.-Røys R nr.2 som
gardbrukaren ynskjer
frigjeven. Mot SSØ.